



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1752-

12. august 2022

Svar på skriftleg spørsmål nr 2580 frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

«Kan samferdselministeren leggje fram ei oversikt over auken i driftskostnadane for ferjedrifta i heile landet så langt i 2022 målt mot 2021 og 2020 nivå, med bakgrunn i dei skyhøge gass, drivstoff og straumprisane, gjeldande for alle riks og fylkesvegferjer?»

Svar:

Kostnadsauke for energiberarane som blir nytta i ferjedrifta vil auke kostnadene til ferjeselskapa, og dermed også på sikt kostnadene for oppdragsgjevarane i ferjedrifta (Statens vegvesen og fylkeskommunane). Korleis kostnadsnivået til ferjeselskapa blir påverka heng mellom anna saman med kva for energiberar som blir nytta og korleis pris og andre vilkår er avtalt mellom ferjeselskap og leverandør av energiberaren. Staten har ikkje innsyn i kva som er avtalt mellom ferjeselskap og leverandør eller kva ferjeselskapa har betalt i energikostnad hittil i år.

«Kostnadsindeks for innenriks sjøfart, delindeks ferje», blir nytta for kostnadsregulering i mange av ferjekontraktene i riks- og fylkesvegferjedrifta. Drivstoffkomponenten i denne indeksen utgjer 23,5 pst. av indeksens samla verdi, og blir utrekna basert på prisutvikling for marint drivstoff, inkl. avgift på CO₂ og svovel. Statistisk sentralbyrå utarbeider indeksen og for drivstoffkomponenten hentar dei prisane frå dei største aktørane innan omsetning av marint drivstoff.

Verdi for drivstoffkomponenten frå første kvartal 2019 til 1. kvartal 2022, er vist under. Publisering av indeksens verdi for 2. kvartal 2022 er venta 21. september i år.


Periode	Drivstoff*
2019K1	81,5
2019K2	84,5
2019K3	83,4
2019K4	86,6
2020K1	87,0
2020K2	65,6
2020K3	66,5
2020K4	68,6
2021K1	79,5
2021K2	83,6
2021K3	91,4
2021K4	100,0
2022K1	121,8

**Kjelde: Tabell 11585: Innenriks sjøfart, etter total/delindeks innenriks sjøfart, kvartal og statistikkvariabel (www.ssb.no/kist)*

Tabellen viser at drivstoffkomponenten isolert har hatt ein auke på vel 53 pst. frå første kvartal 2021 til første kvartal 2022 ($121,8/79,5 = 53,2$ pst.).

Ved vedtak om budsjettet for 2022 og ved revisjon av dette juni 2022, har staten til saman løyvd 83 mill. kr for at fylkeskommunane kan starte å fase inn gratis ferjer på samband med låg trafikk frå andre halvår 2022. Ved utrekning av dette beløpet er det tatt utgangspunkt i eit anslag på kva inntektstapet til fylkeskommunane kan bli som følgje av ordninga.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård

Kopi
Kommunal- og distriktsdepartementet
Statens vegvesen